



Bak frå venstre:
Stein-Åke Berteig,
Hilde Henriksen
og Brit Moa
Framme frå venstre:
Per Tore Borgund,
Erling Engjåberg
og Arild Nøstdal.

INMEDIA - Foto: Steinar Engeland



EID VENSTRE

**Ordførarkandidat:
Siv Langøen Rotevatn**

Venstre sin ordførarkandidat er 49 år, fysioterapeut, har jobba 15 år på små og store sjukehus. To periodar som kommune politakar og 11 år som kommunefysioterapeut i Eid kommune har gjeve henne solid kjennskap til Eid kommune, både i høve til busetnad og tenester. Med denne bakgrunnen er ho engasjert i helsepolitikk, men har politisk jobba mest med skule og kultur.

PER TORE BORGUND (42 år)

Per Tore er leiar i Eid Venstre og jobbar som snekkar i eige firma. Han har vore hyppig møtande vararepresentant til kommunestyret siste periode. Næringsutvikling, miljø og ungdomsarbeid er av dei politiske tema som engasjerer han mest.

STEIN-ÅKE BERTEIG (33 år)

Stein-Åke har utdanning som høgskulekandidat i hagebruk og økonomi, og er tilsett i familiebedrifta Hildenes Gartneri. Han er gift, snart far. Er oppteken av god tilrettelegging for næringsutvikling, gode oppveksttilhøve for barn, infrastruktur, helse og omsorg.

BRIT MOA (56 år)

Brit er dagleg leiar for Vinmonopolet si avdeling på Nordfjordeid. Ho har bak seg 2 periodar i kommunestyret, med ei periode i oppvekst og kultur, ei periode i teknisk utval. Ho har eit spesielt engasjement for det å vidareutvikle Eid som senter for handel og tenester.

ERLING ENGJÅBERG (53 år)

Erling har vore politisk aktiv i fleire periodar, siste periode som medlem av kommunestyret og helse-og omsorgsstyret. Har jobba mange år i Eid kommune, men jobbar no i det private næringslivet. Erling har størst engasjement for ungdomsarbeid og energipolitikk.

HILDE HENRIKSEN (54 år)

Hilde er utdanna bioingeniør, har jobba på Nordfjord sjukehus sidan 1979. Var ei periode medlem i helse-omsorgsstyret, siste periode medlem av kontrollutvalet og meddommar i tingretten. Har vore leiar i Operaens venner og medlem i styret for Opera Nordfjord. Hilde er oppteken av helse, omsorg, kultur og barn sine oppvekstvilkår.

ARILD NØSTDAL (28 ÅR)

Arild er Eid Venstre sin ungdomskandidat. Han er sjukepleiar og tilsett i vernepleietenesta i Eid kommune. Har 1 barn saman med kona, som jobbar med hest på fulltid. Helse og barn sine oppveksttilhøve engasjerer han.



VENSTRE



Siste periode har ho vore medlem av formannskapet. Vervet som Fylkestingsmedlem har gjeve henne kunnskap om, og kontaktflate inn mot dette viktige politiske nivået. Ho er medlem i hovudutval for opplæring (fylket), styret for Helse-Førde og styreleiar for fagskulane i Sogn og Fjordane.

Hovudmål

For fire år sida var : «Ny vekst i Eid» det sentrale valløftet for Eid Venstre. Ny vekst og optimisme har vi fått. «Vidare vekst i Eid» er derfor eit naturleg valløfte for komande periode.

Venstre er eit sosialliberalt parti

Vi er opptekne av fridom for den enkelte balansert med at vi tek vare på fellesskapet. Mellom anna er det viktig at fellesskapet tek vare på dei svakaste i samfunnet, t.d. eldre og menneskje med funksjonshemming.

Venstre er eit miljøparti

Det å ta vare på naturen er den største utfordring i vår tid - lokalt, sentralt og internasjonalt.

Gründertenking, entreprenørskap og dugnad er viktig. Vekst i små og mellomstore bedrifter er framtida . Eid Venstre ønskjer å vidareutvikla samarbeidet mellom næringsliv, kulturliv, kommune og andre offentlege verksemdar, derfor er offensiv næringsutvikling naudsynt.

Nordfjord som region er eit felles bu- og arbeidsområde, eit tett samarbeid mellom kommunane styrkjer heile regionen.

Politisk rekneskap

Kva lovde vi for perioden 2003-2007, og kva er gjennomført ?

- ✓ Ny vekst i Eid
- ✓ Snu stagnasjon til optimisme, kreativitet og pågangsmot
- ✓ Ta vare på dei gode og profesjonelle tenestetilboda i Eid kommune
- ✓ Ruste opp Eidsgata
- ✓ Fleire gang-og sykkelveggar langs RV 5
- ✓ Open vidaregåande skule på kveldstid
- ✓ Utvide tilbodet om helsestasjon for ungdom
- ✓ Vidareutvikla gode ENØK-tiltak (Fjordvarme m.m.)
- ✓ Utnytte fjordvarmeressursen til krøllgrasanlegg
- ✓ Samlokalisering av Eid Vidaregåande skule, Opera Nordfjord og biblioteka
- ✓ Sikre fullverdig drift av Nordfjord Sjukehus
- ✓ Sikre fergesambandet Stårheim –Isane
- ✓ Ruste opp Nordfjordeid skule
 - Øl og rusbrus på ølmonopol
- ✓ Sansehagen ved Eid sjukeheim ein realitet
 - Styrkje barnevernet gjennom regionale tiltak
- ✓ Ha byggjeklare tomstar i alle krinsar

Politisk budsjett

Dette vil vi jobbe for i 2007-2011

- Bygge ny, eller renovere Eid sjukeheim
- Styrke eldreomsorga
- Betre tilbodet for unge funksjonshemma i høve til bustad og dag-aktivitet
- Sikre fullverdig drift av Nordfjord sjukehus (NSH)
- Felles legevaktsentral i Nordfjord
- Betre samhandling mellom Eid kommune/NSH/ Helse Førde
- Endre og betre tilsynslegeordninga på institusjonane
- Full barnehagedekning
- Renovere Haugen skule
- Fullføre renovering av Eidsgata fram til Eid kyrkje
- Sikre god drift av nytt kulturhus
- Styrke kulturskulen
- Vurdere leigesatsar i idrettshus og idrettsanlegg
- Offensiv satsing på næringsutvikling og evaluere org. av tiltaksapparatet
- Samanhengande gang- og sykkelveg Hjelle - Haugen
- «Timeekspres» aust-vest i fjorden
- Halvtimes avgangar Lote-Anda fram til bru
- Klimaplan i kommunen
- Jobbe mot planane om luftboren kraftline Fardal-Ørskog
- Etablere "Bondens marknad" i Eid
- Auke i Faire Trade handel
- Tilgjengeleg differensiert næringsareal til ei kvar tid



VENSTRE

Hovudmål:

For fire år sida var «Ny vekst i Eid» det sentrale valløftet for Eid Venstre, -ny vekst og optimisme har vi fått. «Vidare vekst i Eid» er derfor eit naturleg valløfte for komande periode.

Venstre er eit sosialliberalt parti.

Vi er opptekne av fridom for den enkelte balansert med at vi tek vare på fellesskapet.

Venstre er eit miljøparti

Det å ta vare på naturen er den største utfordring i vår tid - lokalt, sentralt og internasjonalt.

Gründertenkning, entreprenørskap og dugnad er viktig. Vekst i små og mellomstore bedrifter er framtida . Eid Venstre ønskjer å vidareutvikle samarbeidet mellom næringsliv, kulturliv, kommune og andre offentlege verksemder.

Nordfjord som region er eit felles bu-og arbeidsområde, eit tett samarbeid mellom kommunane styrkjer heile regionen.